



Referat soknerådsmøte 23.04.2025

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag
23.04.2025
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: **Tom Rydland**
Harald Rydland tok
over då Tom var
vekke

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar ✓
Anne Marie Røed	Nestleiar ✓
Tom Rydland	Medlem ✗
Anne Kristin Skår	Medlem ✗
Håkon Rydland Sæbø	Medlem ✗
Mette Elisabeth Lambach	Medlem ✓
Lilli Anne Drønen Jæger	Medlem ✗
Kari Raunholm	Medlem ✓
Olav J. Oma	Sokneprest ✗
Gisle Levåg	kommunal representant ✓
Wenche Andersen Helland	1. vara ✗
Kopi til varamedlemer	

(✓ = Møtt , ✗ = ikkje møtt)

I tillegg møtte varamedlemer Aase Nøtveit og Karin Korsvik

Fitjar, 19.04.2025

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2025/26	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2025/27	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	X
2025/28		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkja	X
2025/29		Nye prosjekt på Fitjar kyrkjegard	X
2025/30		Utleige av trusopplærar	X
2025/31		Samarbeid om familiemiddag på Fitjar bedehus	
2025/32		Ungdomsår i Sunnhordland prosti	
2025/33		Meldingar	X
2025/34		Open post	X

Vedlegg

1. Hovudplan for gravplassutbygging
2. Innspel frå Bakken Kystbarnehage
3. Investeringsbudsjett 2025 - 2028

Sak 2025/26 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2025/27 012.1 Referat frå sist møte

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 20.03.2025, utan merknader

Sak 2025/28 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Harald Rydland orienterte:

Det har vore ei flott påskeveke med særskild god deltaking på gudstenestene i kyrkja, og i Dåfjorden 2. påskedag. Det blei samla inn ca 50.000 kr i offer på 4 gudstenester, noko kyrkelyden kan vera stolte over!

No planlegg ein for konfirmasjonshelga om vel to veker.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2025/29 Nye prosjekt på Fitjar kyrkjegard

På møte i februar 2024 slutta Fitjar sokneråd seg til ein hovudplan for gjennomføring av ulike prosjekt for utvikling av gravplassen. Dei tre tiltaka som planen tek for seg er:

1. Opparbeiding av nye kistegraver på felt F
2. Etablering av namna minnelund
3. Etablering av gravfelt for andre trussamfunn (muslimar)

Arbeidet med å etablere nye kistegraver på felt F er starta og skal etter planen vera ferdig i løpet av mai. Dei nye gravene skal vera klar til bruk i løpet av inneverande år.

Som ein liten organisasjon har me ikkje kapasitet til å køyra fleire prosjekt som treng tett oppfølging på same tid. Sidan me ser enden på noverande prosjekt, er tida inne for å planleggja gjennomføring av fleire. Dei to neste gravplassprosjekta på lista er ikkje så store i omfang. Difor vil det vera greitt å få gjennomført desse parallelt.

Soknerådet har tidlegare oppnemnt ei ressursgruppe som skal komma med innspel i saker som gjeld utvikling av gravplass og uteområdet. Dei som er medlemmer i gruppa er:

- ✓ Harald Rydland, kyrkjevevjer og leiar av gruppa

- ✓ Rasmus Fitjar, tidlegare gravplassarbeidar
- ✓ Kjetil Ragde, gravplassarbeidar
- ✓ Eilif Bjørge, arkitekt
- ✓ Tom Rydland, representant for soknerådet

For å få eit grunnlag som soknerådet kan gjera vedtak på, får gruppa i oppdrag å utarbeida framlegg til pratisk løysingar og kostnadsoverslag for minnelund og muslimsk gravfelt. Til arbeidet kan det leigast inn ekstern rådgjeving innafor ramma i investeringsbudsjettet.

Vedtak

1. Soknerådet ber om at kyrkjevevja engasjerer ressursgruppa for gravplass og uteområde til å komma med framlegg til løysingar for etablering av minnelund og muslimsk gravfelt på Fitjar kyrkjegard.
2. Dersom det er ulike syn i gruppa om kvar dei ulike tiltaka skal etablerast, vil soknerådet ta stilling til dette, før det vert brukt ressursar på detaljert utgreiing av lokalitetane
3. Kyrkjevevja får fullmakt til å engasjera ekstern rådgjeving i arbeidet. Dette må finansierast innfor vedteke investeringsbudsjett.
4. Soknerådet ber om at tilrådingane frå gruppa vert lagt fram på første møte etter sommarferien, slik at prosjektet kan innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2026.

Sak 2025/30 Utleige av trusopplærar

Bakken Kystbarnehage har sendt inn eit ynskje om å få leiga trusopplærar frå Fitjar sokn tilsvarande 10 % stilling. I vedlegget til saka kan de sjå kva barnehagen v/ leiaren skriv om dette. Tett og godt samarbeid mellom Fitjar sokn og Bakken Kystbarnehage er det alt i dag, og det er positivt om dette kan utviklast vidare.

Kyrkjelydspedagaogen i Fitjar har i dag 90 % fast stilling. Fram til årsskiftet er i tillegg 5 % vikariat for kontormedarbeidar lagt til stillinga. Arbeidsoppgåvene er knytt til Fitjar sokn sin plan for trusopplæring og konfirmantarbeidet.

Meir detaljar om saka vert å leggja fram i møtet.

Saka vert med dette lagt fram for drøfting og avgjerd i soknerådet.

Vedtak:

1. Soknerådet viser til skriv frå Bakken Kystbarnehage. Rådet ynskjer å sjå nærare på om eit samarbeid med utleige av trusopplærar kan etablerast.

2. Før det eventuelt vert inngått avtale må det avklarast nærare om trusopplæringsplanen treng justerast, kapasitet i trusoppøringa og kyrkjelydspedagogen si rolle.
3. Saka vert lagt fram til ny behandling og evt. godkjenning av avtale når desse forholda er nærare utgreia.

Sak 2025/31 Samarbeid om familiemiddag på Fitjar bedehus

Bakken Kystbarnehage skriv til soknerådet at dei ynskjer å etablera eit tilbod om familiemiddag på Fitjar Bedehus. Sjå meir om kva dei skriv i vedlegget til saka. Tilbodet er planlagt å finna stad før barnekoret har øving på bedehuset om torsdagane. I starten er det ikkje meininga å ha middag kvar veke. Barnehagen vil stå ansvarleg for gjennomføring av tilbodet, men dei ynskjer at soknerådet kan hjelpa til med å skaffa nokre frivillige medarbeidarar til å vera med på den praktiske gjennomføringa.

Vedtak:

1. Soknerådet vil gjerne vera med og bidra til at Bakken Kystbarnehage kan arrangera familiemiddag på Fitjar Bedehus. Soknerådet kan ta på seg å skaffa nokre frivillige personar til å vera med på den praktiske gjennomføringa av middagsserveringa.
2. Soknerådet peikar ut Anne Kristin Skår til å vera rådet sin kontaktperson for denne saka. Vedkommande sitt ansvar vert å ha dialog med dei ansvarlege for tiltaket, og skaffa frivillige medarbeidarar etter behov.

Sak 2025/32 Ungdomsår i Sunnhordland prosti

Prosten og prostirådet ynskjer at 2025 og 2026 skal vera ungdomsår i prostiet. Det inneber at ungdomsarbeidet rundt i sokna får ekstra merksemd. Ved å ha dette temaet på dagsorden regionalt, kan sokneråda dela og henta gode idear hos kvarandre for å styrka denne delen av kyrkja sitt arbeid.

Sokneråda er no utforda av prosten til å senda inn eit oversyn av korleis ungdomsarbeidet vert drive i dag, og om det er planar for nye tiltak for å styrka ungdomsarbeidet.

I Fitjar er det mykje godt ungdomsarbeid som føregår - i soknet sin eigen regi, i regi av andre organisasjonar og i samarbeid mellom desse.

Det vert lagt opp til at soknerådet kan setja av god tid i møtet for å drøfta temaet.

Vedtak:

Soknerådet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å senda svar til prosten på grunnlag av det som kom fram i drøftingane.

Før diskusjonen kom i gong, fremja Anne Marie Røed eit utsetjingsforslag til neste veke då fleire av soknerådsmedlemane ikkje var til stades.

Det blei samrøystes vedteke.

Sak 2025/33 Meldingar

Under meldingar vil det verta orientert om desse sakene:

- a) Referat frå utvalsmøter (soknepresten)
Gjekk ut då soknepresten ikkje deltok i møtet
- b) Status for gravplassprosjektet (kyrkjevevja)
Framdrift går etter planen
- c) Samling for gudstenestemedarbeidarar (soknepresten)
Vellukka samling, der vel 30 møtte av ca 40 inviterte. Samling i kyrkja. Harald orienterte om brannvern, Olav om gudstenesteoppgåvene, og Jan om digitale løysingar
- d) Gjevarteneste til trusopplæring, status (kyrkjevevja)
Det kjem stadig fleire til i gjevartesevta. og ein jobbar for å få fleire med. Informasjon ligg ute på fleire sider og sosiale flater. Det blir og reklamert i gudstenestene.
- e) Konfirmantfesten 7. mai, status (kyrkjevevja)
Harald prøver å få nok foreldre og føresette til å delta med for og etterarbeid til festen. Han tek kontakt med soknerådet om ein treng meir hjelp i arbeidet.
- f) Orientering om investeringsbudsjettet (kyrkjevevja)
- g) Kontorlokale og tenesteavtale med kommunen (kyrkjevevja)
Ein er starta å sjå seg om etter nye lokale då kommuneen treng meir kontor på Rådhuset
- h) Dugnad med innvendig vårreingjering i kyrkja 28. april (kyrkjevevja)
Det vil bli invitert til dugnad på facebookside og heimeside.
- i) Justering av årsrekneskapet

Vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande.

Sak 2025/34 Open post

Harald orienterte om at det skal vera vennestevne på Fitjar bedehus 29.mai. Sigrun Eiken er komiteleiar. Spørsmål frå komiteen om kyrkja kan skaffe 3 personar som kan vera med? Anne Marie tar på seg og spør folk som kan bidra.

Karin Korsvik kom med eit hjartesukk om at lyden ofte ikkje er heil nøyaktig under gudstenestene i kyrkja. Harald tek det vidare på ein god måte, som ikkje er kritikk, men at dei som styrer lyd får veiledning.

Vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka